



Vågsøy kommune.

Vågsøy er ei naturperle som ligg ytst i Nordfjord. Kommunen har eit aktivt næringsliv med hovudvekt på marine næringar og innovative teknologibedrifter. Vågsøy ligg mellom Ålesund og Bergen. Kommunen har eit godt utbygd barnehage- og skuletilbod, kultur- og idrettstilbod og eit fantastisk turterreng. Kommunen har om lag 6000 innbyggjarar. Måløy er kommunesenter. For meir informasjon om regionen sjå www.nordfjord.no. Frå 01.01.2020 går Bryggja over til Stad Kommune og Vågsøy blir slått saman med Flora i nye Kinn Kommune.

Ledige stillingar pleie og omsorg Vågsøy Kommune

Sjukepleiar

- Behov for sjukepleiarar i ulike stillingar på alle områder.

Helsefagarbeidar

- Behov for helsefagarbeidarar i ulike stillingar på alle områder

Assistentar

- Vi har ledige vikariat og helgestillingar med moglegheit for fast tilsetjing. Arbeid til kvar tid gjeldande turnus. Stillingane gjeld ung brukar og oppgåvene er knytt til personleg hjelp og trening med base i brukar sin heim.

Vi har og ledig:

- Vikariat
- Faste helgestillingar kvar 2. eller 3. helg frå snarast.
- Tilkallingsvikarar som kan ta ledige vakter på kort varsel.

Vi oppmodar særskilt ungdom og studentar som kan tenke seg og prøve ut omsorgsyrke til å søke dei ledige helgestillingane.

Kvalifikasjonar:

- Har norsk autorisasjon som sjukepleiar/helsefagarbeidar.
- Er kreative, engasjerte og tek initiativ og ansvar
- Kan arbeide sjølvstendig og i team
- Har positiv haldning og gode samarbeidsevner.
- Har bestått kurs i nasjonale fag.
- Har gyldig arbeids- og oppholdstillatelse.
- Har dokumentert norskkompetanse tilsvarande bestått norsk språkprøve nivå 3 /B2 skriftleg og muntleg eller tilsvarande
- Beherskar dei vanlegaste IKT-verktøy (word/excel/internett/e-post) samt har god kunnskap om bruk av dokumentasjonsverktøy
- Har førarkort klasse B

Vi kan tilby:

- Opplæring
- Spennande arbeidsoppgåver
- Utfordringar
- Dyktige medarbeidarar
- God pensjonsordning
- Løn etter kommunal tariff
- Sjukepleiarar i turnus får ekstra tillegg på kr. 28.000,- pr. år
- Ryddige arbeidsforhold

Vi legg vekt på personlege eigenskapar som:

- God samarbeids- og kommunikasjonsevne
- Tek del i ansvarsgruppe og arbeid med individuell plan
- Er fleksibel, strukturert, løysingsorientert og arbeider sjølvstendig
- Ønskjer å vere ein del av kommunen sitt totale tilbod innan helsetenestene
- Evne og ynskje om å tileigne seg ny kunnskap og nytte dette aktivt i arbeidet
- Har positive haldningar og set brukaren i fokus
- Refleksjon og empati
- Arbeider tverrfagleg i team og på systemnivå

Den som vert tilsett må leggje fram politiattest av ny dato. Politiattest skal ikkje leggjast ved søknaden, men må leggjast fram av den som vert tilbydd stillinga **før** ein kan tiltre stillinga.

Vi gjer merksam på at etter offentleglova § 25 kan opplysningar om søkjaren bli offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. **Søklarar som ønskjer unntak frå offentleg søkjarliste må grunngje dette særskilt i søknadsteksten i søknaden.**

For nærare opplysningar kan du kontakte:

Tenesteleiar på område Fastlandet, Annette Hovden, tlf. 45478472

Tenesteleiar på Område Vågsøy, Maren Sumstad Bakke , tlf 57845537 eller mobil 99503740

Tenesteleiar Institusjon, Margreet Maijer , tlf 57845630 eller mobil 47469765

Alle søklarar til ledig stilling i Vågsøy kommune må registrere CV og sende søknad elektronisk.

Aktuelle søklarar vert kalla inn til intervju. Vi ber om at referanse vert oppgjeve.